
Fra: Sondre Eide <sondre.eide@efb.no>
Sendt: 18. november 2016 17:32
Til: Postmottak Lindås; Ståle Juvik Hauge; Jørgen Herland;
berisoy@gmail.com; mailn.h.knudsen@gmail.com; Sæbjørg
Hageberg Kjekka; andreas@dyngen.nett; Gro Anita Høgquist; Ingrid
Fjeldsbø; Karl Vågstøl; Hogne Brunborg; Ordfører Lindås; Christian
Hagerup Reinshol
Kopi: Turid Verdal; Vidar Hjartnes
Emne: Innspel reguleringsplanarbeid for akvakulturlokalitet Ospeneset -
sak nummer 140/16

Hei,

Eide Fjordbruk hadde møte med ordfører Astrid Byrknes og leiar i plan og miljøutvalet Ståle Juvik Hauge torsdag 17.11 der me diskuterte reguleringsplanarbeidet for lokalitet Ospeneset.

Det var eit konstruktivt møte kor me la fram våre behov og tidsplanar i forhold til produksjonen vår i Fensfjord-bassenget.

I etterkant av dette møtet har Eide Fjordbruk vore i dialog med Fylkesmannen og diskutert muligheter for ein meir omfattande reguleringsplan som omfattar begge lokalitetane våre i Fensfjorden.

Etter møtet med Ordfører og Leiar for plan og miljøutvalet, samt dialog med Fylkesmannen vil me komma med fylgjande innspel til saka:

- Me ynskjer å utarbeida ein reguleringsplan som omfattar begge lokalitetane til Eide Fjordbruk i Fensfjorden (Ospeneset og Langøy).
- Behovet på lokalitet Ospeneset kan reduserast ned til eit 6 ringarars-anlegg.
- Me ynskjer å gjennomføre ein grundig planprosess i godt samarbeid med Lindås kommune og aktuelle sektormyndigheiter.

Me håpar Lindås kommune ved plan og miljøutvalet kan ta innspela våre med i vurderinga når saka skal opp til handsaming onsdag den 23.11.

Mvh

Eide Fjordbruk AS
Sondre Eide